


**MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLAS KOMMENTARAR TIL MERKNADER OG UTTALAR –
VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBIED OG OFFENTLIG ETTERSYN AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM**

Plannamn:	Detaljregulering for Austrheim II.
Arealplan-ID	201407
Saksnummer	14/896
Utarbeida av	Asplan Viak AS
Datert/Revidert	08.09.2015

Avsendar:	Hovudpunkt i merknad / uttalar:	Forslagsstillars kommentar:
Private merknadar:		
Gunnar Selland, eigar av gnr. 37, bnr. 31:	<ul style="list-style-type: none"> Selland peiker på at varsla plangrense er lagt heilt inntil hans eigedom på Østrem, og at bustaden er den einaste attverande om grensar til sandtaket. Varsla plangrense er vidare lagt med god avstand frå framlegg til redusert fredingsgrense og Selland sin bustad vert med det liggjande i sona mellom framlegg til fredingsgrense og varsla plangrense. Selland reagerer på at planområdet ikkje er trekt inntil framlegg til fredingsgrense slik at arealet mellom framlegg til fredingsgrense og varsla plangrense får ein avklart bruk i samband med reguleringsplanarbeidet. <p><u>Innspel til planprogrammet:</u></p> <p><u>Punkt 5.1 Kulturminne / freding</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Det er vist til at planområde overlappar varsla oppstartsområde i fredingssaka. Selland meiner dette ikkje er korrekt. Dersom dette har vore intensjonen er Selland samd i dette og meiner planområdet må utvidast. Plangrensa for planprogram og reguleringsplan må få felles grense med varsla vernegrense i vest og nord. Mot aust er det naturleg at Fylkesvegen dannar avgrensing av planprogram og reguleringsplanarbeid. <p><u>Punkt 5.2 Landskap og skråning etter uttak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Selland peiker på at det skal gjerast ei verdivurdering av eksisterande landskap. Han legg til grunn at dette også omfattar kringliggjande område. Selland ser ikkje korleis dette kan gjerast utan at den eigedomen som vert mest råka av planen, vert halden utanfor planområdet, og vurdert utanfor det som ser ut til å omfatte berre uttak av sand. Selland sin eigedom ligg på den høgste haugen, om lag på kote +83. Det er i dag uttak under kote 40 – altså over 40m lågare enn gardstunet. Om det skal vera mogleg å gjera ei vurdering av landskap etter uttak, må også landskapet utanfor det området som er tenkt for uttak av sand, takast med i ei 	<ul style="list-style-type: none"> Forslagsstillar har laga eit innspel til pågåande fredingssak (landskapsdelen av innspelet) der det er utarbeidd to konkrete alternativ til korleis uttaksområde i Stødleterassen kan gjevast ei avslutta landskapsform. Planprogrammet legg til grunn at alternativ 1 skal leggest til grunn for planarbeidet. Minsteavstand frå eigedomsgrensa til topp ny terrassekant er ca. 15m. Tilsvarande er minsteavstanden til plangrensa ca. 7m. Buffersona på 8m vil nyttast for å arrondera terrenget inn mot ny terrassekant. Plangrensa er fastsett i samråd med Etne kommune i oppstartsmøte. Bruken av eigedomen er avklart i kommuneplanens arealdel der område er vist som landbruks- natur og friluftsområde (LNF). Planarbeidet vil ikkje endre dette. <ul style="list-style-type: none"> Planområdet overlappar varsla <u>oppstartsområde</u> i fredingssaka. Hordaland fylkeskommune reduserte varsla oppstartsområde etter høyring. Endeleg fredingsgrense er ikkje vedteke. <ul style="list-style-type: none"> Planprogrammet legg til grunn at det skal gjerast ei verdivurdering av eksisterande landskap, med utgangspunkt i nasjonal referansesystem for landskap og Hordaland fylkeskommunens rapport "verdivurdering av landskap i Hordaland fylke". Vidare legg planprogrammet til grunn at tiltaket sin konsekvens for landskapet skal vurderast og eventuelle avbøtande tiltak drøftast. Desse vurderingane vil også omhandle områda ikring varsla planområdet, der ein ser på landskapet i ein større samanheng. Planprogrammet legg til grunn at alternativ 1, jamfør innspel til pågåande fredingssak, skal leggest til grunn for planarbeidet.

	<p>slik vurdering.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grunneigaren som no sel sand, har nyleg etablert seg på motsett side av Fylkesvegen med nytt hus. Ei utvida plangrensa, som er i samsvar med framtidig vernegrense og naturleg avgrensing til fylkesveg, vil ikkje gje grunneigar ytterlegare konsekvensar eller ulemper, fordi han har flytta. <p><u>Grunneigartilhøve:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Selland finn det noko underleg å vera utanfor både varsla planprogram og planarbeidet som næraste nabo og den som vert mest råka og ramma av planarbeidet. Det ser ut som at det vil verte uttak av sand like til hagegjerde deira. • Dersom det vert lagt til grunn at det framleis skal vera bustad på vår eigedom, meiner Selland det er ein føresetnad at det i vidare planarbeid vert regulert parkbelte / omsynssone mellom deira eigedom og industriområdet, noko som ikkje kjem tydeleg fram i varslinga. • Dersom det ikkje vert lagt inn ei betydeleg omsynssone, eller regulering til parkbelte innanfor det varsla planområdet, må planen utvidast og eigedomen løysast inn. • Selland vil også gjera merksam på at tiltaket, i tillegg til dei vurderingane som skal gjerast ut frå ei heilskapleg planlegging, både igjennom reguleringsplan og KU, også fell inn under grannelova. • I denne samanheng vil Selland peike på at han er einaste nabo tett innpå massetaket, sidan nabo i aust har etablert seg på motsett side av vegen. Det er i denne samanhengen også sentralt at grunneigar igjennom sal av eigedom der masseuttaket skal utvidast, sjølv kan ivareta sine interesser igjennom å avtala dei tekniske og økonomiske vilkåra for utviding av massetaket. • Selland vil peike på at planprosessane setter store krav til medverknad. Spesielt når konsekvensane for vår eigedom er så store som det her er tale om. Med bakgrunn i dette ber me om å bli kontakta og teke med i drøftinga for plan og konsekvensutgreiingsarbeidet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Eventuelle avbøtande tiltak som parkbelte / omsynssone, arrondering av terreng med meir, mellom sandtak og bustad, vil bli vurdert som del av planarbeidet. • Varsla planområde seier ikkje noko om fordelinga mellom ulike føremål. <ul style="list-style-type: none"> • Forslagsstillar har ingen intensjon om å løyse inn eigedomen. <ul style="list-style-type: none"> • Innspelet vert fylgd opp som del av planarbeidet. <ul style="list-style-type: none"> • Planarbeidet oppfyller så langt krava til medverknad, jamfør plan- og bygningslova, det vil også vidare planprosess gjera.
--	---	---

<p>Kristian Østrhem, Rykkesvegen 48, 5705 Voss</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det vert presisert at merknad er innsendt på vegne av begge eigarane av gnr. 37, bnr. 15 og 17 i Etne. <p><u>Innspel til planprogrammet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Punkt 5,10 – Støv og støy:</u> Meiner problem knytt til støv må greiast ut nærmare sidan massetaket vert utvida mot aust. <p><u>Eigedomsverdi:</u> Dersom kanten vert flytta ytterlegare innover vil platået på Østrem bli borte og naturlandskapet endra dramatisk. Det må greiast ut kva konsekvensar dette kan ha for framtidig verdi av eigedomane på Østremplatået.</p> <ul style="list-style-type: none"> • <u>Tilhøve til ny trase for E134:</u> Eit av trasealternativa for ny E134 går igjennom grustaket til Etne Sand og Pukk AS og grensar også til deira eigedom. Dersom dette alternativet vert vald vil dette også medføre store inngrep i naturlandskapet. Dei meiner ein må sjå desse to prosjekta i samanheng i planprogrammet for utvida massetak. 	<ul style="list-style-type: none"> • Forslagsstillar vil presisere at forslag til plan inneber ei utviding av eksisterande masseuttak. I planprogrammet er det også presisert at planen omhandlar ei utviding av eksisterande masseuttak. Me viser her til punkt 1,2, samt punkt 2,2 i planprogrammet. • Planprogrammet avklarar at det skal gjerast støvnedfallsmålingar på utvalde representative stadar, for å kartlegge konsekvensane av tiltaket i driftsfasen. Me viser til punkt 5,10 i planprogrammet. • Punkt 5,5 i planprogrammet omhandlar eigedomstilhøve / naboar. Jamfør planprogrammet skal dagens eigedomstilhøve skildrast, og det skal gjerast greie for eventuelle konsekvensar for eigedomstilhøva som fylgje av tiltaket. • I planarbeidet vil ein arbeide for å finne eit føremålstenleg grensesnitt mot pågåande kommunedelplanarbeid.
<p>Åsbø Sanddrift AS:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Åsbø Sanddrift AS er positive til at det vert starta opp planarbeid i området, og til det planprogrammet som er lagt fram. Pågåande fredingssak på Stødle har lenge for ein hemsko for føreseieleg drift. Dei håper at reguleringsarbeidet som er starta opp vil gje ein raskare prosess / vedtak i høve til freding, slik at begge firma kan få fastsett ressurstilgangen for eit lengre tidsrom enn det som er klarert gjennom plan i dag. • For å ivareta den heilskapen som planarbeidet siktar mot, der ein treng å justere ytterkantane av eksisterande planområde, må ein også utvide planområdet mot vest. Ei slik utviding vil gjeva eit betre grunnlag for landskapsforming enn det varslingsgrensa gjev. • Dei meiner at det også kan vera føremålstenleg å flytte grensa mot nord. Det kan vera ein logikk i at plangrensa strekker seg til føreslått fredingsgrense, slik at dette reguleringsplanarbeidet tek stilling til ei varig grense for massetaket, med utgangspunkt i fredingssaka. Dersom fredingsvedtaket ender i eit redusert fredingsomfang på Stødle, vil det vera naturleg å vurdere eit nytt reguleringsplanarbeid i framtida, om dette kan opne for ytterlegare utviding av massetaka. 	<ul style="list-style-type: none"> • Varsla plangrense er avklart med Etne kommune i oppstartsmøte for reguleringsplanarbeidet. • Meir masseuttak mot vest vil også auke konfliktgraden mot pågåande fredingssak på Stødle- / Sørheimsterrassen.

<p>Etne elveigarlag:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Påpeiker at Etneelva er eit nasjonalt laksevassdrag med krav til særlege tiltak for å verne om villaks og sjøaure. • I periodar med mykje nedbør er det ei betydeleg avrenning frå eksisterande område for massetak, og elva går då gråfarga like til sjøen. • Problema med avrenning må greiast ut i planprogrammet, og det må stillast krav om avbøtande tiltak som til dømes fordrøyningsmagasin med regelmessig tilsyn og tømning. 	<ul style="list-style-type: none"> • Problematikk knytt til avrenning, eventuelle konsekvensar og avbøtande tiltak, vert greidd ut i planskildringa. Tilhøve til etneelva som nasjonalt laksevassdrag vil verta handtert igjennom planarbeidet. Me viser her til punkt 5,3 i planprogrammet.
<p>Johannes Kringlebotn, ved advokat Tveit:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Tveit forstår plangrensa slik at varsla plangrensa i aust vil vera tilsvarende som plangrensa i gjeldande reguleringsplan. Ein føreset vidare at det nordaustre hjørnet av planområdet på same måte som i dag vert disponert til jordbruk /skogbruk/gartneri. • Arealet som Etne Sand & Pukk AS disponerer av Kringlebotn vart utskilt som gnr. 37, bnr. 8, festenummer 1, i 1998. Når det gjeld det arealet i planen som skal disponerast til masseuttak, ber Kringlebotn om at det austre grensa vert sett i samsvar med austgrensa for festet. • Det er svært viktig for Kringlebotn å få ein føremålstenleg avslutning av masseuttaket i aust. • Det vert peika på at val av trase for ny E134 vil påverke planområdet. • Kringlebotn peiker på at så godt som ingenting av det arealet der masseuttaket har funne stad er tilbakeført til jordbruksjord, og heile arealet ligg nå såleis som eit skjemmaende sår i terrenget. Ei utviding vil gjera dette såret enda større. På bakgrunn av dette krev Kringlebotn at det vert teke inn føresegner i reguleringsplanen som sikrar slik tilbakeføring. 	<ul style="list-style-type: none"> • Det nordaustre hjørnet, vist som jordbruk/skogbruk/gartneri i gjeldande plan, vil ikkje bli omregulert til masseuttak i forslag til plan. • Heile arealet som er festa ligg innanfor varsla plangrense, sjå figur under. Skravert areal utgjer festa areal og svart stipla linje er varsla plangrense. Vidare planarbeid vil avklare endeleg plangrense.  <ul style="list-style-type: none"> • Føresegner med rekkefylgjekrav om tilbakeføring vil verta innarbeida i planarbeidet. • Forslagsstillar vil presisere at forslag til plan inneber ei utviding av eksisterande masseuttak. I planprogrammet er det også presisert at planen omhandlar ei utviding av eksisterande masseuttak. Me viser her til punkt 1,2, samt punkt 2,2 i planprogrammet.
<p>Uttalar:</p>		
<p>Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, kulturminnevern- og museum:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • HFK viser til pågåande fredingsak / prosess, der Riksantikvar sende saka tilbake til HFK med krav om ny høyring. Førebuinga med å sende saka ut på ny høyring er i sluttfasen. HFK påpeiker at fram til fredingssaka er endeleg handsama av Riksantikvaren er planområdet det nå er meldt oppstart på framleis å rekne som under freding. • HFK forventar ikkje at fredingsgrensa i ny sak medfører vesentlege endringar i høve til areal. HFK vil uansett måtte vise til eksisterande situasjon (varsla område for oppstart) og slik formelt varsle at kulturminnevernet kan kome til å reise motsegn til eit planframlegg som eventuelt kan/vil vera i strid med nasjonale kulturminneverdiar. 	<ul style="list-style-type: none"> • Forslagsstillar er innforstått med at planområdet er å rekna som under freding så lenge det ikkje er gjort vedtak i fredingssaka, men meiner planarbeidet likevel kan starte opp medan ein avventar eit endeleg vedtak frå Riksantikvaren.

	<p><u>Planprogrammet:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planprogrammet peiker på at ein ynskjer å få til eit meir avstemt landskap når sandtaka er avslutta. HFK ser at ei slik avretting av landskapet vil gå ut over sjølve stødletterassen. Landskapet i og ved Austrheim, som i dag ligg att, har ingen kjende fornminne, men er vurdert å ha potensiale for kulturminne under markoverflata. På Sørheim vil ei utviding kome nær område der det har lagt fornminne, men her er det i sterkare grad gjort planeringsarbeid. • HFK tilrår sterkt at tiltakshavar legg fram ei visualisering av landskapet slik det blir ved ferdig tiltak. Austrheim har framleis er karakteristisk landskapsform som tiltaket skjer tvert av. • Utforming av landskap og skråning må detaljerast i større grad. HFK rår difor til at det vert gjort ei landskapsanalyse av område, som legg faglege føringar på endeleg planframlegg. • Potensiale for kulturminne under markoverflata bør kartleggast så tidleg som mogleg. HFK vil slik varsle krav om kulturminnegranskingar, jf. §9 i kulturminnelova. 	<ul style="list-style-type: none"> • Tiltaket er visualisert i innspel til fredingssaka, datert 22.12.2010, som omtalt under. Desse visualiseringane vert teke med i planskildringa. Eventuelle justeringar vert innarbeidd i illustrasjonane. • Det er tidlegare utarbeidd eit innspel til pågåande fredingssak for Etne Sand § Pukk AS, der ein ser på korleis dei ulike massetaka på Austrheim og Sørheim kan formgjevast etter at drifta tek slutt. Det er utarbeidd to konkrete alternativ til korleis uttaksområde kan gjevast ei avslutta landskapsform. Alternativ 1, jamfør innspel til fredingssaka er lagt til grunn for plangrensa i nord. Planprogrammet, punkt 5,2, skildrar at landskapet skal verddivurderast og konsekvensar av tiltaket skal greiast ut. • HFK varsel at det er naudsynt med arkeologiske registreringer. Kostnadsoverslag vert etterspurt.
<p>Statens vegvesen:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • SVV peiker på at det føregår arbeid med kommunedelplan for ny veg mellom Bakka og Solheim, med ulike trasear, der den eine går igjennom planområdet. • SVV ynskjer at trasevalet i KDP vert avgjort før ein tek stilling til ei utviding av massetaket, og bed difor om at saka vert utsett til kommunedelplanen vert vedteken, truleg i utgangen av 2015. • Dersom traseen igjennom planområdet vert vedteke, ber SVV om at det vert teke inn eit punkt i føresegnene med pålegg om styring av uttak, i samråd med SVV, som legg til rette for vegutbygginga. • SVV bed om at det vert teke med eit rekkefylgjekrav om utbetring av kryss i tråd med gjeldande krav, jf. krav stilt til kryss på Fikse. 	<ul style="list-style-type: none"> • Forslagsstillar meiner at dette planarbeidet, og arbeidet med kommunedelplan for ny E134, kan gå føre seg parallelt, dersom ein set eit føremålstenleg grensesnitt mellom dei to planarbeida. Forslagsstillar vil her peike på at det må lagast ein reguleringsplan for ny E134 etter at kommunedelplanen er utarbeidd. Kommunedelplanen vil ikkje nødvendigvis gjeva gode nok avklaringar med omsyn til horisontal- og vertikal geometri, og ein veit ikkje når eit eventuelt reguleringsplanarbeid for ny E134 vil starte opp. Forslagsstillar meiner difor dette planarbeidet må kunne forhalde seg til varsla plangrense, og at ein i vidare planarbeid utarbeider ein felles plan for korleis landskapet skal avsluttast i høve til landskapsform og istandsetting. Traseen for ny E134 er ikkje endeleg fastlagt. Tilrådd alternativ for ny E134, jamfør KDP som er ute på høyring, vil bli lagt til grunn som del av 0- alternativet. • Reguleringsplan vegkryss Steinshage, frå 2000, omhandlar avkjørsle frå planområdet til eksisterande E134. Eksisterande avkjørsle er utbetra i samsvar med gjeldande plan frå 2000. Me viser her til punkt 4.1 i føresegnene til planen der det er stilt krav om at eksisterande avkjøring frå rv. E134 skal utbetrast i handhald til krav frå SVV. Planforslaget medfører ikkje noko auka trafikkbelastning på kryss og forslagsstillar finn det difor urimelig at det skal stillast rekkefylgjekrav knytt til utbetring av kryss, som allereie er utbetra.
<p>NVE:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • NVE viser til at Etnevassdraget er verna mot kraftutbygging. • I konsekvensutgreiinga bør tiltaket sin verknad på verneverdiane gjerast greie for. • NVE viser til Etnevassdraget si nettside, på NVE si heimeside. Informasjon om verneverdiane er her tilgjengelege. 	<ul style="list-style-type: none"> • I omtalen av Etnevassdraget som verna vassdrag, som NVE viser til, er også geologisk mangfald og kulturminne/kulturlandskap nemnd som viktige verneverdiar. • Planen og tiltaket sine konsekvensar for naturmangfald skal vurderast i høve til retningslinjene i naturmangfaldslova, jamfør punkt 5,3 i planprogrammet. I vurderinga av naturmangfald inngår også vatn / elv og geologisk mangfald. I høve til verneverdi for geologisk mangfald viser me til merknad frå HFK- planseksjonen, siste kulepunkt, samt 5,7 i planprogrammet, som omhandlar kvartærgeologisk

		verneverdi. Når det gjeld verdiar knytt til kulturminne / kulturlandskap viser me til merknad frå HFK, kulturminneavdelinga, og forslagsstillars kommentar der.
Direktoratet for mineralforvaltning, med Bergmesteren for Svalbard:	<ul style="list-style-type: none"> • DMF registrerer at det er knytt ein del utfordringar og moglege konfliktområde knytt til den planlagde utvidinga av uttaket. Det er difor viktig at planforslaget med konsekvensutgreiing gjer tydelege avklaringar med tanke på desse. • DMF ser at DMF er oppført som eit punkt i planprogrammet, før endeleg fastsetting av planprogram. Dei opplyser om at denne forlegningsplikta er fjerna i revidert forskrift, jamfør punkt under. Planprogrammet treng difor ikkje leggjast fram for DMF før fastsetting. • DMF informerer om at KU forskrifta frå 2009 vart erstatta av to nye forskrifter 1. januar 2015; <ul style="list-style-type: none"> ○ Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova, som vert forvalta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). ○ Forskrift om konsekvensutgreiing for tiltak etter sektorlover, som forvaltast av Klima- og miljødepartementet (KLD). • Ny KU- forskrift opnar opp for at DMF kan overta rolla som ansvarleg myndigheit i større mineralsaker dersom kommunen ynskjer dette. • DMF gjer merksam på at det planlagde tiltaket kjem inn under § 3 i minerallova og er konsesjonspliktig etter § 43 i same lov. Det er drivar av Etne Sand og Pukk AS som er ansvarleg for søke om driftskonsesjon og drift kan ikkje starte opp før driftskonsesjon er godkjent. Følgjande tre tilhøve vil verta særleg vektlagt; <ul style="list-style-type: none"> ○ Søkjar sin bergtekniske kompetanse ○ Søkjar sin økonomiske sikkerheit ○ Driftsplan som kan dokumentere ein bergfagleg forsvarleg drift. 	<ul style="list-style-type: none"> • Punktet i planprogrammet som gjeld forlegningsplikt for DMF vert teke ut av planprogrammet. • Forslagsstillar tek elles merknaden til etterretning.
Mattilsynet:	<ul style="list-style-type: none"> • Mattilsynet ber forslagsstillar om å ta omsyn til eventuelle private drikkevasskjelder i utbyggingsområdet slik at desse ikkje vert forureina, jamfør forskrift av 04.12.2001 nr. 1372 om vassforsyning og drikkevatt § 4. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ein vil ta omsyn til dette i vidare planarbeid.

<p>Fylkesmannen i Hordaland:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • FM påpeiker at store deler av arealet ser ut til å bestå av fulldyrka jord. Ut frå eit landbruksfagleg syn er det særskild uheldig om dette vert regulert til eit anna formål. Dette er i utgangspunktet ein ikkje fornybar ressurs og FM er difor kritisk til ei omregulering av arealet. • FM meiner at det vil vera ein fordel om ein i vidare planarbeid syner kor mykje fulldyrka og overflatedyrka areal som vil gå med, og om ein vil bruke denne jorda til nydyrking ein annan stad. • FM minner om at dei konsekvensande reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, jamfør naturmangfaldlova §§ 7 til 12. • FM gjer merksam på at ROS analysen m.a. må nytte akseptkriteria som er i tråd med TEK 10. Analysen må sjå på risiko både innanfor og utanfor planområdet som kan påverke tiltaket, og eventuelle andre risiko som fylgje av tiltaket. 	<ul style="list-style-type: none"> • Forslagsstiller peiker på at størsteparten av arealet som inngår i varslinga omhandlar eksisterande massetak og jordbruksareal som er regulert til masseuttak. • Planen og tiltaket sine konsekvensar for jordbruksareal skal vurderast, jamfør punkt 5,6 i planprogrammet. Omregulering av dyrka areal er midlertidig så lenge massetaket er i drift. Matjord vert teke vare på og stort sett alt areal vil bli tilbakeført til landbruk i ettertid. En del areal innanfor varslingsområdet er allereie tilbakeført til landbruk, og vil bli vist som landbruksareal i forslag til plan. • Planen og tiltaket sine konsekvensar for naturmangfald skal vurderast i høve til retningslinjene i naturmangfaldslova, jamfør punkt 5,3 i planprogrammet. Me viser her også til kommentar under merknad frå NVE. • ROS- analyse vil verta utarbeidd i tråd med TEK10.
<p>Hordaland fylkeskommune, regionalavdelinga, planseksjonen:</p>	<p><u>Relevante planfaglege innspel:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planseksjonen har ikkje særskilte merknader til utforming av planprogrammet. • Planseksjonen meiner det er viktig at trafikkbelastninga på eksisterande veg vert synleggjort noko betre enn det som allereie er nemnt i planprogrammet. Det er også viktig at planen forhold seg til moglege trasear for ny E134, der eitt trasealternativ ligg nær planområdet. <p><u>Innspel byggjerstoff:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planseksjonen peiker på at NGU har klassifisert Sørheimsmoen som ein regionalt viktig sand- og grusforekomst. Næringsinteresser og samfunnet sitt behov for byggeråstoff må vurderast opp mot ulike verneinteresser mm. Det må forventast at fylkeskommunen, som planmyndighet, vil gjera heilskapsvurderingar ved seinare høyring av reguleringsplanen, og det bør under planarbeidet leggast vekt på å få fram dei ulike interessene. • Planseksjonen vil i tillegg til retningslinje 4.2, jamfør kapittel 4 i planprogrammet, minne om: <ul style="list-style-type: none"> ○ Rettleiar T-1497: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Kgl. Res. 2011) ○ Rettleiar til minerallova (Nærings- og handelsdepartementet, 2011) ○ Temaretleiar: Uttak av mineralske forekomstar og planlegging etter plan- og bygningsloven. • Planseksjonen meiner det trengs ekspertvurderingar frå kvartærgeologiske forskningsmiljø til dømes ved NGU eller UIB, vedrørende området sin kvartærgeologiske verneverdi. Det kan vera aktuelt å verne større eller mindre deler av 	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikkbelastning på tilkomstvegen og trafikkavvikling innanfor planområdet vil verta skildra som del av planarbeidet. Tiltaket vil ikkje medføre endringar av trafikkmengde. • Traseen for ny E134 er ikkje fastlagt. Tilrådd alternativ for ny E134, jamfør KDP som er ute på høyring, vil bli lagt til grunn som del av 0- alternativet. • Rettleiarane det vert vist til vert lagt inn under punkt 4,3 i planprogrammet. • Punkt 5,7 i planprogrammet omhandlar kvartærgeologisk verneverdi. Kvartærgeologisk verneverdi skal her skildrast og tiltaket sine konsekvensar for desse verdiane skal vurderast for ein tek stilling til endeleg omfang av framtidig uttaksområde. Ein føreset at føreliggande dokumentasjon er tilfredsstillande.

	<p>moreneryggane på terrassen.</p> <ul style="list-style-type: none">▪ NGU sitt lausmassekart▪ Rapport med forslag til kvartærgeologisk verneverdige objekt / område i Hordaland (Hunnes og Anundsen 1985)▪ Ressursregnskap for grus og pukk i Hordaland (Libach, 2013)	
--	---	--